

Kategori: Pasientbehandling/Smittevern	Gyldig fra/til:10.07.2025/10.07.2028
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Pasientbehandling	Versjon: 4.00
Godkjenner: Dorteia Hagen Oma	Retningslinje
Dok. ansvarlig: Smittevern, pasientsikkerhet	Dok.id: D34872

Innhald

1	Hensikt	1
2	Føremål	1
3	Definisjonar	1
4	Generelle krav	1
5	Reint tøy	1
6	Ureint tøy	2
7	Særskilt tilsmussa tøy	2
8	Privat pasienttøy	2
9	Smittetøy	2
10	Emballering av ureint tøy	3
11	Referansar	3
12	Endringar sidan førige versjon	3

1 Hensikt

Ureint tøy inneheld mikroorganismar frå pasientens hud og kroppsvesker (blod, urin, avføring og oppkast), og kan difor vera kjelde til smittespreiing i sjukehus. Korrekt handtering av tekstilar bidreg til å førebygge kryssmitte.

2 Føremål

Hindre overføring av smittestoff frå ureint tøy til pasientar, omgjevnaden og personalet som handterer tøy.

3 Definisjonar

Ureint tøy er alle typar brukt tøy, uavhengig av forureiningsgrad.

Ein skil mellom institusjonstøy og privat pasienttøy fordi krava i høve handtering og vask er ulike.

- Institusjonstøy er sengetøy, handkle, vaskeklutar, pasientskjorter o.a.
- Privat pasienttøy er pasienten sitt eige tøy.

4 Generelle krav

Tekstilar som vert brukt i direkte kontakt med pasientar bør reingjerast ved varme (termisk) desinfeksjon med 85°C i minimum 10 minuttar. Kombinasjonen av temperatur og tid medfører at mikrobar som kan gje infeksjonar vert uskadeleggjort. Andre tekstilar som gardiner, dukar ol som skal vaskast i vaskeriet, må tåle minimum 60 °C.

5 Reint tøy

- Skal handterast med reine hender
- Skal lagrast tørt og støvfritt i lukka skap, på traller som er tildekka eller på dedikerte tøyrom som kan stengast av med dør.
- Bør ikkje lagrast på pasientrommet før bruk, men dersom reint tøy lagrast på pasientrom, bør dette skje i lukka skåp og ikkje på opne hyller.

- Tekstilar som er teke ut frå reine lager, men som ikkje er brukt, skal ikkje leggst tilbake på lageret men reingjerast på nytt.

6 Ureint tøy

- Sengetøy o.l. skal sendast på vask når det er synleg tilsølt el mogleg forureina
- Vaskeklutar og handkle skal sendast på vask etter kvar gongs bruk
- Handter tekstilar forsiktig ved avreiing av senger ol for å redusera partikkelslepp til omgjevnaden
- Unngå å forureina eige arbeidstøy under arbeidet - bruk stellefrakk
- Tøyet bør legges direkte i tøysekk på stativ inne på pasientrommet
- Alternativt sorter og emballer tøy i plastpose på pasientrommet, transporter plastpose med skittentøy til oppsamlingsrom for skittent tøy og tøm i skittentøysekk.
- Utfør handhygiene etter kontakt med ureint tøy
- Skittentøysekk må ikkje fyllast meir enn 3/4 full og skal lukkast forsvarleg (med plaststrips)
- Skittentøysekken skal vera rein og tørr utvendig før transport

7 Særskilt tilsmussa tøy

Tøy som er sterkt forureina med avføring, oppkast eller anna organisk materiale skal leggjast i vannoppløyselig plastsekk (alginatsekk) som så plasserast i vanleg skittentøysekk.

8 Privat pasienttøy

Dette tøyet skal ikkje sendast til Vaskeriet.

Dei same tiltaka gjeld for handtering av privat pasienttøy som for institusjonstøy. Det føreligg per i dag ingen krav til vask av privat pasienttøy. Tøyet vert vaska på den temperatur som er tilrådd for tekstilen. Ved vask på låge temperaturar er det fare for at sjukdomsframkallande mikroorganismar kan overleva vaskeprosessen. Privat pasienttøy vert difor ikkje rekna som reint etter vask, med mindre det er vaska på 85°C.

Privat pasienttøy kan vaskast i avdelinga dersom det finst gode rutinar for å gjennomføra vask, tørk og transport av slikt tøy forsvarleg. Det vil seia at tøyet skal:

- transporterast og lagrast i lukka posar inntil det vert lagt i maskina
- vaskast separat frå anna pasienttøy og på så høg temperatur som det tåler
- tørkast i tørketrommel eller i tørkeskap
- ikkje transporterast eller lagrast utildekt saman med reint institusjonstøy
- vaskast som smittetøy dersom sterkt forureina med avføring, oppkast og anna organisk materiale.

9 Smittetøy

- Sengetøy og pasienttøy som er forurensa med blod, sekret, ekskret eller andre kroppsvæsker
- Tøy frå pasientar med infeksjonar som krev isolasjon

Smittetøy må handterast, emballerast og transporterast på ein slik måte at det ikkje kjem i direkte eller indirekte kontakt med hud eller slimhinner.

Handtering

Sjukehustøy brukt i isolat behandlast som smittetøy. Ikkje ta av verneutstyr (hanskar, smittefrakk og ev munnbind) før smittetøyet er ferdig handtert i isolatet og unngå å riste det brukte sengetøyet ved sengereiing eller skift av sengetøy. Sekk for transport av tøy frå isolat bør vere av plast, slik at verken tørt eller vått tøy skal forårsake smitteoverføring på vegen frå brukarstaden til skyllerommet og/eller vaskeriet. Må tøyet sorterast skal dette gjerast før ein forlèt isolatet og ikkje på skyllerommet, for å

hindre mogeleg smitteoverføring. Stativet med smittetøysekken oppbevarast der det er mest hensiktsmessig, enten i isolatet eller på avdelingens skyllerom. Står stativet på skyllerommet, må smittetøyet emballerast i plastpose/ plastsekk, før det tas ut av isolatet og leggest i transportsekken. Plastposen skal fjernast idet tøyet vert lagt i tøysekken. Sekken fyllast berre $\frac{3}{4}$ full og lukkast med plaststrips. Tøy frå luftsmitteisolat skal leggest i vannoppløyseleg plastsekk (alginatsekk) som så plasserast i gul skittentøysekk.

Særleg tilsmussa tøy

Tøy som er sterkt forureina med avføring, oppkast eller anna organisk materiale skal leggjast i vannoppløyseleg plastsekk (alginatsekk) som så plasserast i vanleg skittentøysekk.

Privat smittetøy

Privattøyet til den isolerte pasienten handterast som smittetøy. Dei same tiltaka gjeld for handtering av dette tøyet som for privattøy elles, men i tillegg må det sorterast etter farge og temperatur, og tøyet må emballerast i plastposar før det fraktast til vaskerommet. Tøyet må vaskast separat, og dørøpninga desinfiserast med godkjent desinfeksjonsmiddel etter at tøyet er lagt inn i maskina. Vert tøyet vaska på lågare temperatur enn 85 °C, skal vaskemaskinen køyrast tom eller med anna tøy på 85 °C umiddelbart etterpå. Tøyet er ikkje å rekne som reint sjølv etter det er vaska, fordi det er vaska på låg temperatur, privattøy toler sjeldan 85 °C. Difor skal nyvaska pasienttøy ikkje vere i fysisk kontakt med anna reint pasienttøy eller institusjonstøy. Det er krevjande å vaske privat smittetøy i avdelinga, og det er behov for eit godt system for vasking, tørking og lagring av privat tøy til isolert pasient.

10 Emballering av ureint tøy

[Tøy til vask - plakat](#)

11 Referansar

Interne referansar

[1.8.8-01](#)

[Tøy til vask - plakat](#)

Eksterne referansar

[2.12.9.5 Isoleringsveilederen](#)

[2.12.9.8 Smittevern i helsetjenesten. Håndbok for basale smittevernrutiner, FHI](#)

[2.12.9.811 Bransjestandard, smittevern for vaskerier som behandler tekstiler til helseinstitusjoner](#)

12 Endringar sidan førige versjon

Ny mal

Mindre justeringar av tekst